



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Hilde Ordemann, 55 57 22 12

Vår dato
30.01.2017
Dykkar dato

Vår referanse
2016/14436 620
Dykkar referanse

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet
Postboks 8036 Dep
0030 Oslo

Høyringsuttale til forslag til ny barnevernslov - Sikring av barnet sin rett til omsorg og beskyttelse

Fylkesmannen i Hordaland viser til høyringsnotat av 7. november 2016 frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet om forslag til ny barnevernslov.

I innleiinga vil vi komme nokre generelle betraktningar.

Vi ser at lovforslaget i hovudsak har i seg eit nytt perspektiv og gir barnet ei sterkare og tydelegare stilling i tenestene enn i dag. Barnet er meir synleg. Vi trur likevel dette kan gjerast i enno større grad.

Det skjer mykje i tenestene, noko ikkje minst proffane i Forandringsfabrikken har ære for. Ingen andre har på ein så systematisk måte klart å få fram at mange barn i barnevernet og i barne- og ungdomspsykiatrien ikkje har fått den hjelpa dei har hatt behov for, og at det offentlege i mange tilfelle har påført barnet større problem. Vi håper departementet høyrer godt etter deira budskap og korrektiv til oss alle.

Det er alvorleg at barnet oftare enn det tenestene har forstått, har trengt beskyttelse mot foreldra. Mellom anna tenestene si oppfatning av foreldra sin rett til informasjon har gjort situasjonen verre for mange barn. Det har og gjort barna sin terskel for å fortelje om det som er vanskeleg for høg. Dette må takast omsyn til i utforminga av den nye lovteksten. Det er nødvendig å sjå og forstå barnet ut frå deira eige ståstad, og barn må ha tillit til og tryggleik i tenestene. Alle barn treng omsorg, varme og kjærleik. Det er noko av det barna sjølv seier at dei ikkje alltid får frå personellet i tenestene. Vi meiner dette er heilt grunnleggjande, og lovteksten må byggje opp om dette.

I alle endringar og prosessar som gjerast i oppfølginga, meiner vi at barnets stemme må vere representert.

Vi støtter vidare intensjonen i forslaget om å styrke barnet sin rettsstilling, og meiner på bakgrunn av våre erfaringar frå tilsyn med tenestene, at det er viktig.

Det er heilt nødvendig å styrke barnet sin rett til å medverke slik forslaget legg opp til. Barnet sin rett til å medverke, eller helst tenestene sin plikt til å samarbeide med barnet, kan etter vårt syn presiserast meir i lovteksten. Vi meiner at intensjonen om å gjere barnet til ein

hovudperson etter barnevernslova er rett. Det vil gje eit viktig og nødvendig signal til alle som arbeider med barn.

Vi vil i det følgjande komme med utdjupande kommentarar til enkelte deler av forslaget.

Kapittel 4 Lovstruktur, språkleg og teknisk forenkling

Vi er samd med utvalet i at det som er viktig for barn, under dette rettar for barn, må komme først i lova. Vi trur at haldningar og handlingar gjensidig påverkar kvarandre, og at ord i denne samanheng også er viktig. På denne bakgrunn meiner vi at dei strukturelle og språklege endringane utvalet foreslår, er nødvendige.

Vi støttar forslaget om at bruk av tvang på institusjonar vert regulert direkte i lova og ikkje i forskrift slik det er gjort i dag. Vidare er medverknad så grunnleggande viktig at det må regulerast i lov.

Barn bør både forstå og kunne identifisere seg med denne lova som gjeld nettopp dei. Derfor bør lova ha eit klart og tydeleg språk. Det vil og vareta rettssikkerheitsomsyn. Til dagleg ser vi dessverre eksempel på at det i vedtak og andre dokument blir brukt eit språk som gjer at det kan vere uklart kva som faktisk er bestemt og kven som har plikt til å handle. Vi kjem tilbake til at mangelfulle og manglande vurderingar er eit problem i dagens barnevern.

Omgrep som kan opplevast stigmatiserande må ikkje bli brukt, og heller ikkje omgrep som skapar avstand. Det går fram av framlegget at Barnevernsproffane meiner at nokre av omgrepa er sårande. Vi meiner at det er særleg viktig å vektlegge slike synspunkt. I forslaget er plassering foreslått erstatta med bustad, og vi støttar grunngevinga for dette. Vi er vidare samd i at flytting ikkje alltid kan nyttast synonymt med plassering.

Åtferd er eit omgrep som er problematisert i høyringsnotatet. Vi må ha nødvendige heimlar for å gje barn hjelp når dei treng det og det kan såleis vere gode grunner for å ha eit inngrepsvilkår som er knytt opp mot barnet si oppførsel. Samtidig er det problematisk at barn først får den hjelpa dei treng når dei tydeleg viser med sin veremåte at dei har det vanskeleg. Forslaget tar ikkje godt nok omsyn til dette. Sjølv om omgrepet åtferd er tatt ut i forslaget, men likevel er vilkåret for å gripe inn fortsatt knytt opp mot barnet sin oppførsel. Vi ber om at det vert arbeidd vidare med å få inngrepsvilkåra knytt opp mot omsorgssituasjonen til barnet og ikkje til barnet sin reaksjon på denne. Når vilkåret for å gje hjelp er knytt opp mot barnet sin oppførsel, kan ein lett tenke seg at hjelpa dei får vert knytt opp mot oppførselen og ikkje det som ligg til grunn for den og som barnet treng hjelp til.

Kapittel 5 Regulering av grunnleggande rettar og prinsipp

Det er viktig at utvalet tilrår at barnets beste blir gjort til ein overordna regel. Retten til å medverke er tett knytt saman med barnets beste og avgjerande for eit godt barnevern. På denne bakgrunn er det rett å løfte fram retten til medverknad i innleiinga i lova. Vår erfaring er at medverknad ofte er oppfatta for snevert, vi høyrer at mange i tenestene meiner at det er tilstrekkeleg at den som tar avgjerda har snakka med barnet. Men det vert lagt mindre vekt på kva barnet har meint. Barnet sine synspunkt blir såleis ikkje gjort til ein viktig del av det å opplyse saka. Barnet sitt synspunkt er heilt sentralt og det må alltid vurderast kva vekt dette skal ha opp i mot andre moment i saka.

Det er viktig at forslaget legg opp til å styrke barnets rettsstilling i samsvar med barnekonvensjonen mellom anna ved å innføre ein plikt for tenestene til å grunngje og dokumentere korleis barnet si meining er vurdert i saka. Vi ser i mange saker at dokumentasjon av tenestene sine vurderingar er svært mangelfull. Dette gjeld og dokumentasjon av korleis tenesta har vekta og vurdert barnet sine synspunkt opp mot andre relevante moment i saka. Vi håper at desse endringane og kan bidra til å endre haldningar slik at barnet si stilling vert styrka i alle deler av tenesta.

Vi støtter at krav til å grunngje i samsvar med barnets beste, under dette ta omsyn til kva barnet meiner, gjeld for fylkesmannens behandling av klager og ved tilsyn. Vi meiner at det er viktig at fylkesmannen alltid vurderer om barnet sitt syn skal innhentast. Vi er usikker på om endringa i § 2 gjer dette tydeleg nok. Vi foreslår at det går tydeleg fram at fylkesmannen alltid skal vurdere å innhente barnet sitt synspunkt, og at vi må grunngje kvifor vi ikkje har gjort det.

Kapittel 8 Særleg om samarbeid mellom barnevern og psykisk helsevern

Vi deler oppfatninga til utvalet om at helsetilbodet til barn i barnevernet ikkje er godt nok. Vi ser særleg dette når det gjeld barn på institusjon. Etter vår vurdering har dette ikkje endra seg vesentleg, og vi ser at det er store skilnadar mellom tenester. Vi støtter forslaget om ein reform for å få til ein betre samordning mellom barnevern og psykisk helsevern, både i spesialisthelsetenesta og dei kommunale tenestene. Vi støttar og forslaget om at dette og må omfatte tverrfagleg spesialisert rusbehandling for barn. Det er behov for eit meir forpliktande samarbeid mellom desse tenestene. Det er vår erfaring at avtalar om samarbeid i dag ikkje har tilstrekkeleg leiarforankring og at dei er for generelle. Dette fører ofte til at dei i praksis ikkje er forpliktande nok i enkeltsaker, og dessverre gjeld dette ofte i dei mest alvorlege sakene.

Kapittel 9 Melding til barneverntenesta og barneverntenesta sine undersøkingar – krav til dokumentasjon

På bakgrunn av våre erfaringar støttar vi forslaget om å presisere kva som skal reknast som melding og i tillegg innføre krav til grunngjeving når meldingar og undersøkingar blir henlagt. I tillegg meiner vi at det er rett å lovfeste krav til journal for kvart barn der barnevernet sine vurderingar skal komme fram. Vi viser til det vi har skrevet om plikt til å dokumentere barnet sine synspunkt.

Kvaliteten på ein undersøking er viktig. Tilsyn dei seinare åra viser at det er gjennomført mange undersøkingar med for dårleg kvalitet og at arbeidet med undersøkingar ikkje er styrt godt nok frå dei kommunale leiarane. Tidsbruk kan seie noko om kvaliteten på arbeidet, men er i seg sjølv ikkje den viktigaste kvalitetsfaktoren. Vi meiner på denne bakgrunn at det ikkje er grunn for å oppretthalde systemet med at fylkesmannen kan gje mulkt ved oversitting av fristar. Vi er bekymra for kva signal det sender om kva som er det viktigaste.

Det er ikkje heilt tydeleg om barneverntenesta må snakke med barnet som del av undersøkinga sjølv om det går an å forstå det som ei plikt ut i frå det som går fram av § 83. Dette bør uttrykkest tydelegare i lova.

Kapittel 15 Bustad utanfor heimen

Leiarar i det kommunale barnevernet og for institusjonane må følgje meir med på tvang, dette er eit av råda i rapporten «Dei forsto meg ikkje». Hyppig bruk av tvang må føre til ei refleksjon med utgangspunkt i om tilbodet er rett. Forslaget om å flytte dei sentrale reglane om tvang inn i lova, vil gje signal om at dette er sentralt for rettstryggleiken til barn.

Vi støtter forslaget om at fylkesmannen skal behandle klage på tvang innan ein månad. På linje med dei andre tenestene, må fylkesmannen vere opptatt av kva mykje bruk av tvang seier om omsorgstilbodet til barnet. Vi er usikker på om regelen om at barneverntenesta får uttalerett til klage vil få ønska effekt. Det viktigaste er at dei gjennom god og trygg relasjon til barnet har kjennskap til det som er viktig for barnet. Vi ber om at det vert sett på om det er behov for å regulere nærmare korleis barneverntenesta skal sørge for dette.

Vi støtter utvalet i at det er behov for å sikre kvalitet i butiltak som ikkje er fosterheim, institusjon eller omsorgssenter. Tiltaka skal vere for barn som ikkje har så store oppfølgingsbehov, men vi ser i praksis ofte at vurderinga av barnet sitt behov for oppfølging er mangelfull. I tillegg veit vi at nokre tenester ikkje kjenner til rammene for desse tiltaka, mellom anna når det gjeld bruk av tvang og tilsyn.

Kapittel 16 Partsrettar og ordningar som sikrar barn sine prosessuelle rettar

Vi støttar forslaget om at barn over 12 år bør få partsrettar når dei ønskjer det sjølv. Det er viktig og rett at barnet får vere ein sentral samarbeidspartnar for tenestene. Vi meiner vidare at dei andre tiltaka som er foreslått, vil styrke barns rettsstilling og sikre barns medverknad på ein mykje betre måte enn det som er tilfelle i dag. Særleg retten for barnet til å snakke med leiar for nemnda og plikten for nemnda til å grunngje korleis barnet si meining er vektlagt, vil vere viktige for å ivareta barnet i behandlinga for nemnda.

Gjennom vår kontakt med barn og ungdom veit vi at mange ikkje har fortalt til barneverntenesta det som er viktig og vanskeleg for dei. Dette er framheva i rapporten frå Ida-saka. Og vi veit at grunnen til dette mellom anna er at barn er redde for at foreldra får vite det dei fortel til barnevernet eller andre vaksne fordi det dessverre i nokre tilfelle er foreldra barnet treng beskyttelse mot. Utvalet foreslår at innsyn kan nektast dersom det ikkje kan skje utan fare eller skade for barnet eller andre personar. Det er svært viktig å beskytte dei mest sårbare barna mot dette. I dagens barnevern blir krav om innsyn i mange tilfelle ikkje praktisert rett. Vi får mange spørsmål om dette frå tenestene og privatpersonar, og vi høyrer at mange i tenestene er usikre på lova. Vi er og usikker på om regelen som er foreslått beskyttar dei sårbare barna godt nok. På bakgrunn av vår erfaring trur vi tenestene vil ha problem med å praktisere regelen sjølv med endringa, og at intensjonen om å beskytte barna dermed ikkje vert godt nok ivareteke.

Dagens ordning med tillitsperson, tilsynsperson og talsperson kan med fordel gjerast tydelegare og samlast. I dag har barna i barnevernet altfor mange vaksne dei må forholde seg til. Ordning med ein tryggleiksperson vil kunne bidra til at barnet sine synspunkt kommer tydelegare fram. Som vi har peikt på er vår erfaring at barnet sine synspunkt ikkje vert vurdert tydeleg nok. Stemma deira kan ikkje lesast ut av mange av dei sakene vi ser. For at ordninga med tryggleiksperson skal fungere, er det avgjerande at personen har barnet sin tillit. Mange barn opplever at dei ikkje har nokon å fortelje det som er mest vanskeleg til, dette gjeld både

barn i fosterheim, barn som bur heime og barn på institusjon. Vi er blitt klar over at fylkesmannen sitt tilsyn ikkje har fungert godt nok mellom anna fordi vi ikkje har hatt den nødvendige tillit hos barna. Vi meiner vidare at det er viktig at denne personen har tyngde i prosessen overfor dei instansar barnet har kontakt med. Det er derfor nødvendig at personen har ein posisjon eller forankring i systemet som gir slik tyngde. Både når det gjeld å ha barnet sin tillit og å ha den nødvendige tyngde, er det viktig at personen fungerer i saka over tid. Det må vidare etablerast ein ordning som er så solid at den ikkje inneber relasjonsbrot for barnet. I dagens system er det altfor mange relasjonsbrot for barna, noko som ikkje bidrar til å byggje tillit og skape tryggleik. Vi er ikkje sikre på at fylkesmannen er rett instans til å utnemne slik tryggleiksperson. Det avgjerande er at dei som utnemnar denne personen har god kjennskap til kven som er ein trygg person for barnet, og vi trur ikkje nødvendigvis at det er fylkesmannen. Det går ikkje fram korleis tryggleikspersonen skal følgjast opp og vi reknar med at dette er noko vi får uttale oss om seinare.

Med helsing

Helga Arianson
fylkeslege

Hilde Ordemann
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.